

2020

Gjelder frå 04/12/2020

Retningslinjer for kunstordninga LES

KO
RO

Kunstordninga for leigebygg og eldre statsbygg (LES)

Retningslinjer fastsett av KORO 04/12/2020.

1. Formål

Kunstordninga skal sikre at det blir produsert kunstprosjekt til statlege verksemder som held til i leigebygg og i statleg eigde bygg med byggeløyve frå før 1998. Ein skal legge til rette for gjennomføring av kunstprosjekt av høg kvalitet.

2. Kva kan ein søke om?

Statlege verksemder kan søke om tildeling av kunst. Tildeling kan realiserast som eit stadspesifikt oppdrag eller som innkjøp.

3. Søknadsfrist

Utllysing blir publisert på heimesida til KORO og via andre relevante kanalar.

4. Krav til søknaden

Elektronisk søknadsskjema skal nyttast. Søknaden skal mellom anna innehalde:

- opplysningar om verksemda
- opplysningar om bygget og eventuelle endringsplanar
- teikningar samt eventuell prosjektplan
- kopi av leigekontrakt og andre relevante opplysningar om leigeforholdet (gjeld leigebygg)
- opplysningar om offentlegheitsgrad, publikumsflater og talet på brukarar per år
- god og leseleg fotodokumentasjon av offentleg tilgjengelege område og fellesareal

5. Søknadsbehandling

Søknadene blir behandla av eit sakkyndig utval oppnemnt av KORO

6. Tildelingskriterium

Ved vurdering av søknadene blir det mellom anna lagt vekt på:

- Verksemda, den samfunnsmessige funksjonen og tydinga til institusjonen
- representasjonsgrad
- i kva grad bygget er eigna arkitektonisk, interiørmessig og utomhus
- offentleg tilgjenge
- kor bygget ligg (geografisk spreining)

7. Gjennomføring

Etter at innstillinga til utvalet er godkjend, blir arbeidet med å utvikle kunstplanar til dei enkelte stadene sett i gang i aktiv dialog med verksemdene.

Mottakarinstitusjonen kan takke nei til eitt forslag frå KORO, men må da akseptere forslag nummer to for at tildelinga ikkje skal falle bort.

8. Vedlikehald

Kunsten er statens eigedom. Ein skal inngå ei vedlikehaldsavtale med KORO etter at kunsten er ferdigstilt.

Kunsten kan krevjast tilbakeført ved brot på føresetnadene, viss leigeforholdet tar slutt, viss bygget blir selt, eller viss det skjer vesentlege endringar i bruksområdet.